

Kyrkjelydsblad

for Arna prestegjeld

Nr. 2

Arna Februar 1971

4. årgang

«Her er Guds hus og Arna kyrkje 17. januar himlens port»

Av Landstad

Omskrive til nynorsk av Eirik Skjerve.

*Her er Guds hus og himlens port.
Herfrå ein stige fører,
som Gud i nåde sjølv har gjort,
alt opp til himlens dører.
Han kveikjer ljoslengt i vårt sinn,
han helsar oss velkomne inn
og med sitt ord oss nører.*

*Her er Guds hus og himlens port,
her Gud til oss seg vender.
Det gjeld me ikkje drøymer bort
den tid han kallet sender.
Me skulde vaka trutt og be
om Herrens signing, hjelp og fred,
at inkje vondt oss hender.*

*Lys over meg ein heilag fred,
min Gud og gode fader,
og lat frå himlen stiga ned
ei vakt av englerader.
Eg er ein fatig ferdemann,
før frelst meg til mitt fedreland
når siste kveldssol glader.*

Johs. 2,1-11.

Første pinsedag 1968 var eg og kona mi til høgmesse i Ely katedralen i England. Det var eit umåteleg storfelt byggverk både i storleik, arkitektkunst og bygningskunst. Me kunne mest ikkje sjå oss mette på all herlegdomen.

Arna kyrkja er nok ingen Ely katedral, men eg har likevel så mang ein gong sett med undring på dette som på meg har verka som eit imponerande byggverk.

Kva har så dette med teksten for dagen å gjera? Jau, i alle desse åra eg har gjort teneste her i kyrkja, er det ein stor flokk unge som har stått framfor altaret og gjeve einannan handi som teikn på eit livslangt samarbeid og truskap. Det dei har tenkt å byggja, er vel det fagraste byggverk ein kan tenkja seg.

Det kunne sikkert høva å nemna ein strofe av fedrelandssongen her: «Her stig det stort og blått, vårt fagre heimlands slott». Ja, slik kan det nok ta seg ut i dei unge sinn. Og den ytre råma vart visst svært så fin og tiltrekjkjande, ikkje minst når eg tenkjer på det «Kryp-inn» eg kunne

by henne som vart min trugne fylgjesvein og medarbeidar gjennom eit langt liv.

Korleis går det så med alle desse unge heimane som vert bygde? Dei ytre vilkåri skulle i alle høve ligga vel til rette for ei lukkeleg og lys framtid.

Her må me nok merka oss Jesu ord i Matteus 7 at det er to måtar å byggja på. Anten å byggja på berre marki, forutan grunnsteinar, og så oppleva undergangen når livsstormane kjem, eller å byggja på berget og få sjå at huset står, kva uver som enn måtte koma.

Menneskelivet er ei skifting av gode og vonde dagar, og det vert kvart brudepar minna om. Stormane kjem til kvar og ein før eller seinare, og då er det byggverket skal stå si prøve. Diverre er det heimar som ikkje toler påkjenning, og alt ramlar saman. Huset var ikkje godt nok tufta.

Kva er så ein heim? Er det eit vakkert tipp topp moderne husvære med alle mogelege tekniske hjelpeidlar, vakre møblar, mann, kone og born? Dette kan vera med og skapa ein god og uneleg heim. Men du kan ha alt dette og meir til, og likevel kjenna deg ulukkeleg og heimlaus.

Er heimen ein stad der dei berre et og sør, der er alt keisamt og utriveleg. Dei som skal veksa opp under slike vilkår, eig ikkje grunnvilkåret for eit lukkeleg og harmonisk menneskeliv.

Nei, ein god heim vert det når mor, far og born lever saman i kjærleik til kvarandre. «Lat så sengi vera halm og strå, eg lell så sæl meg kjenner. For mor, ho breier kledi på, og ho har mjuke hender».

Det høyrer med til mors og fars omtanke for barnet si framtid at det må få ein stilting i livet, og den skal vera både god og høveleg. Men barnet har krav på noko meir enn fars og mors kjærleik og omsut for dagen i dag og i morgen. Attåt dette treng dein ein kristen heim, der Guds ord har

ein sentral plass. Barnet må få gode kristne vanar og føredøme, og det vil verta god niste for dei unge på livsferdi. Dei må få eit siktepunkt, eit mål for livet. Og det må dei få i heimen. Dei må få eit mål og ei von som rekk ut over dagen og jordlivet.

For: «Kva batar det eit menneske om han vinn heile verdi, men taper sjeli si.» Me kan ikkje slå oss til ro berre med det at borni våre lever eit uklanderleg og moralsk liv. Sjølvsgårt er det mykje godt å seia om det, men dei er skapte til noko mykje større. Sett under denne synsvinkel, er det at det byggjarbeidet dei to framfor altaret tok på seg, vert så stort, alvorsamt, rikt og vonfullt. Men skal huset byggjast på berggrunn, må Jesus få vera med. Og her har me bruk for evangeliet i teksten vår. Det er den glade bodskapen at Jesus er ikkje tungbeden.

Han vil koma til unge og eldre, både i høgtidstunder og i kvardagen. Brudeparet i Kana bad han til gjest, og me har vel lov å tru at han vart ein varig gjest i den heimen. Og som dei fekk sjå Guds herlegdom, slik vil kvar og ein få sjå den same herlegdomen når dei opnar heimen sin for han. Her ser me stykkevis, eingong skal me sjå fullt ut åsyn til åsyn. Dette er det viktigaste og største mål me kan setja for oss sjølve og borni våre. Og så lyfter me sinn og tankar framover og oppover:

«Var jeg dog over, og mine med,
og alle Guds venner kjære.
Var vi dog inn ad landets led,
å, hvor jeg glad skulle være.
Da er jeg evig frelst og fri.
Møye og kamp er da forbi.
Der er ei annet enn glede».

Gud signe heimane i kyrkjelyden, både yngre og eldre!

Ver alltid glade, ver alltid takksame og be stødt

Dette var biskopen i Bjørgvin sitt emne då han den 16/1 tala til alle eldre i Arna på gymnaset vårt. Det var 2. venda han stod på talarstolen på Garnes. Fyrste gongen såg han yver ein fager ungdomsflokk. No denne andre gongen var salen fyllt av eldre, men han tykte dette og var eit fagert syn for augo. Festlegt var det å vera tilstades og tala til lyden. Men lesa og tala yver emnet om alltid glad, takksam og bedande var vel helst noko unrealistisk. Det høvde vel best for folk som livde på solskinssida det. For dei utan vanskar og skuggar. Men det står å lesa at dette er Guds vilje til dykk i Jesus Kristus. Det er mælestav på sant kristenliv. Men takka for alt? Me kan vel strekkja oss langt, men — alt? Det vert skarpskjerding her. Me heldt ikkje mål utan.

Korleis laga livet seg for han som skreiv ordi ned? Var han privilegert? Kanskje i utdanning. Men me veit det vart eit sporskifte i livet hans. Det som var ei vinning vart til tap. Han hadde fullført 1. misjonsreisi si til «Saloniki», no på den andre. Ulukker og arrest i kjellarhol under keisarslottet i Rom, men elden åtte han i hjarta og ropar ut: Ver alltid glade.

Men me i vår verd og tid? Korleis sjå på alt som hender. Me huggar «Seidjfjell» no. Men ein løyndom og løysing. Den frå s. 23: Herren er min hyrding — det vantar meg ingen ting. Yverdryv me no eller er det den løyndom at me ser framtid i anna ljos? Me er ikkje ferdige. Livet er ikkje lett. Gud er større enn alle vanskar. Ikkje ein situasjon er som han ikkje ser løysing på. Eg får lov å tru. Eg kan sjå på Herren Krist. Og minnast kor sveitten tippo g draup i Getsemenehagen. Me har og vårt vesle «Getsemane». I den svarte, meiningslause natt. So segjer me: Gud har ei meinung med livet

som du har livt det. Her ei byrjing, det viktigaste enno ikkje skjedd. De då trutt og stendigt med frimod om den makt i livet ditt som verdi ikkje eig maken til. No i det nye året.

For siste gong?

Rådmannen i Arna var og fram på med eit attersyn og framsyn på denne festen. For i 1972 er Arna Stroken som eigen kommune. Han vart berre 8 år gammal. Mange er dei som ser med vemo og sorg på dette skiftet. Haus er stroke, no Arna. Han ville ikkje tala ilt om byfolk. Endå mindre ilt om Bergen. Strilekrig hadde det vore ein gong, men er stilna for lenge sidan. Krigen for oss no lyt vera å berge sjeli vår, målet vårt og i det heile få vera oss sjølve. So får vona då at me vidare og får samlast til eldefest på gamal vis.

I min forretning

Finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp

5160 Indre Arna — Tlf. 40 496

Alt i bøker, papir, gramofonplater og leiker får De hos

F. BEYER
Bok og papirhandel
Indre Arna

Kjære misjonsvener

Eg vil gjerne skriva nokre ord for å fortelje korleis det tek seg ut på nært hald, det eg så ofte har fortalt om til interesserte.

Er det bruk for Samemisjonen, har folk ofte spurt. Før har eg svara ja, og nå må eg det endå meir. Her er storleg bruk for dette arbeidet. Før har eg tala mykje om den matrielle sida ved saka. Men eg har sett noko anna. Her er skrikande behov for forkynning av Guds Allmakt og den evige kjærleik som gjorde at han sende Son sin den einborne for at vi skal leva ved HAN.

Guds allmakt treng dei få vita om fordi dei trur på vonde ånder og dauingar og gjenferd som ei stormakt ved sida av og kanskje sterkare enn Gud. Evangeliet trengs å verta forkynt fordi synda er stor.

Mange har spurt om det er noka misjonsgjerning å ha ei Fjellstove. Ja, det vert ein arbeidsreidskap for Herren dersom vi som er her lever med Herren og vitnar om han i liv og ord. Vi trur Herren har vedkjennt seg arbeidet her.

For snart 14 dagar sidan kom ei samekone frå vidda hit og ville ha hus. Mannen hennar låg på sjukestova og så hadde ho ei jente på internatskulen. Det er slik, at då foreldra til noen på internatskulen kjem og overnattar, då kjem borna deira frå skulen og hit. Borna lengtar ofte svert heim til vinterleiren og foreldra og det frie livet ute. Og anten det er ein onkel eller ei tante kjem dei små og bed rørande om å få vera hos sine. Og det får dei. Fru Tornensis kom og ei jente som går i ungdomsskulen kom og var hos henne. Ho tenkte å overnatta til neste dag, men ho sette heimferda ut dag for dag og vart buande her. Ein kveld kom mannen hit opp og sat og såg Fjerrsjà. Han ringa s. Anna og bad om å få lov til å vera litt utover kvelden. Vi

tykte det var gildt, for høvet mellom denne mannen og kona hans var helst nærepå samanbrot. Eg gjekk gjennom salongen og då var dei to eine. Då tala eg litt med mannen. Kona hans hadde sjølv fortalt at mannen var på sjukestova fordi han var alkoholskadd. Eg sa venleg til han at når han nå kom heim att måtte han vera snild med kona si. Tornensis tok det vel opp og vart mjuk. Då tala eg litt om Jesus som har brote synda si makt og kan gjera under. Så vende eg meg til kona og sa det same. Det vart så underleg stille og lett å snakka. Dei ansa ikkje mykje på dagsrevyen på skjermen. Her er mangt å gjera og einkvan ropa på meg så eg måtte gå. Kl. kjekk over midnatt før eg vart ferdig å gå til ro. Og godt som eg har for å sova datt eg i svevn med ein gong og vakna då klokka ringde inn neste dag for meg kl. 6.45. Eg gjekk på kjøken og tok til å førebu frukosten. Litt over kl. 8.00 kom kona mi på kjøken og då var ho synleg gripen. Ho fortalte at i salongen sat fru Tornensis og prisa og lova Gud. Ho hadde fått tru forlating for alle syndene sine cm natta.

Vi har hatt mange møter framover vinteren. Ein Anders Guttormsen har vore mykje med meg på møta og han har mykje butt her. Denne natta budde han her. Kl. 0.30 hadde syndebyrda blitt så tung for denne kvinne at ho våga ikkje lenger og greidde ikkje lenger halda det ut. Så gjekk jenta hennar og banka på hos Guttormsen. Ho sa kva mora ville. Og så vart det ein lang og stri kamp på liv og død om fru Tornensis si syndige sjel. Kvinnna sanna syndene for denne broder. Og ho hadde eit langt og stygt synderegister etter som ho sjølv feortalde meg og, sidan. Klokka var mellom 5.00 og 6.00 då Guttormsen fortalte henne

cm Jesus på krossen og at han hang der for vår skuld endå han sjølv var lytefri. Fortalte korleis Jesus blødde for våre syndar. Brått ropar fru Tornensis ut: Det var for meg; Han leid og døydde for meg. Eg er frelst! Eg er fri! Og ho jubla det ut. Og over dette sat ho og jubla då kona mi såg henne. Ruth og måtte på kne saman med henne og prisa Gud for frelsa full og fri.

Kona fortalte at ho hadde kjent at noko måtte skje medan ho var her. Ho kunne ikkje reisa. Derfor sette ho ut dag for dag. Ho kjende at Gud var her. Ho var viss om at på Fjellstua skulle det skje med henne. På meg gjorde det eit kraftig inntrykk å tala med henne etterpå.

Og nå som underet var skjedd kunne ho ikkje reisa heim før ho fekk vitna for mannen sin. Men først ville ho til presten. Ho måtte ha nattverden. Ho ville at presten skulle tilsegja seg syndsforlating. — Dei er slik her nord, Ordet frå Guds munn er ikkje nok. Dei får liksom ikkje ta det til seg slik at dei er trygge. Dei må ha det frå ein broders munn attå Bibelen.

Eg kgyrde henne til soknepresten og Guttormsen var med. Først ringde eg og ba om time. Presten var sjuk av ryggsmarter. Men han var så glad for underet var hendt med nokon frå Voattesluobbal at han sto opp likevel. Han sa til meg i tlf. at det er mørkt på dei kantar. Og det er håp når Herren får frelsa slike som Susanna Tornensis. — Ja, så kom vi dit og Bøe kom og helsa og den nyfrelste kvinnna vitna om Guds nåde mot seg. Og så kom ho i heilag ekstase og svinga rytmisk og gynga og sveva nesten på golvet medan ho lova og prisa Gud.

Kona var med presten inn på kontoret og ho blei der lenge medan ho sanna syndene og vedkjende seg Jesus namn. Så kom nattverdstunda og då fekk vi andre to vera med og. Det var ei stor stund.

Etterpå måtte eg attende til Fjellstua til

dei mange gjeremål og pliktene. Og fru Tornensis og Guttormsen gjekk til sykestua så ho fekk vitna for mannen sin.

Nå er Tornensis og byrja på vegen til Himmelen. Kona fekk fylgle. Vi er glade alle for lyset som er tent inne på vidda. Og Alf Tellefsen har planar om å fara dit og ha møte.

Her er mykje å gle seg over. Synda er stor, men nåden er mykje større.

Eg trur knapt folk i Sør-Noreg anar kva for ei minsjonsmark indre Finnmark er. De veit nok om samemisjonen og er glad i den. Men mange trur at dette er ikkje noko å rekna mot t.d. Madagaskar og Etiopia. Samemisjonen er noko ein har kjær ved sida av noko ein er mykje meir glad i. Korleis her er, det veit berre dei som er kjende. 4 mndr. er ikkje nok å bli kjend i. Men noko har vi sett.

I går hadde eg ein samtale med rektor på Yrkesskulen. Hans rase er samisk. Neergård er same frå Karasjek. Vi tala saman om problem med dei unge. Neergård tala om sine elevar. Så seier han. Eg kan godt skjøna kva dei har å stri med i underutvikla land. Det kan visst tola ei jamføring med folka her nord. Hadde eg som er frå Sør-Noreg sagt noko slikt hadde det verka sårande. Men andre opplyste samar enn Neergård har sagt det same til meg.

Her er mykje overtru. Og her er mykje openberr synd, men som eg har sagt og som Ordet seier: Nåden er større. Berre synda blir erkjent og bekjent. Og det er Andens gjerning.

Til det må der sann forkynning, der lova og synda vert openberra ved Ordet. Etter det eg ser, må eg seia det er forlite predikantar i Kautokeino.

Tenk om nokre misjonslag ville setja det på ynskjelista si at deira innsamlingar skulle gå til forkynning av evangeliet i indre Finnmark. Me har mykje forlite for

kynnarverksem. Og det kan godt bli eit krav frå misjonsfolket, at det må bli fleire predikantar. Her er vidder så langt innover og folket bur så spreidd.

Skal vi nå dei.

Eg trur at hadde vi kunna tala rett ut om tilstanden her ville folk gi meir og gjera meir for Guds rike mellom dei samisk talande. Ofte har eg hørt det var sagt: Alle forstår norsk. Det er loddrett usanning. Alle kan nokre ord norsk. Men skal vaksne folk kunna fylgja med i ei preik må det tolkast til samisk. Alle møter her syng dei songane på samisk. Og anten må ordet talast på samisk. Og anten må det tolk til. Bed haustens Herren at han sender folk ut til innhaustinga. Det hastar mot ævas natt!

Takk for alt de har gjort for samane!

Hjartans helsing Olav Hesjedal

Soknerådsmøte 20 januar

Jens K. Hauge vart attvald til form. for 1971. Einar Tesdal likeeins til varaform. Bæ med same røystetal 7-1. Den eine røyst til varaform. fall på Brita Romslo.

Og 8/2 på Hylkje ilag med Åsane sokneråd der me drøfta prostigrenser og — einingar for framtid. Kven og kva skal høyra ihop? Skal Osterøy prosti slettast ut og restane fara på nord til Nordhordland eller aust til Voss?

Og heile storkommunen samlast til eit domprosti? Dette sisste vart det på møtet sagt klårt ifrå! Noko slikt storveges ynskte ingen som der var samla. Då meinte sume det vart betre med ei eining av Arna, Åsane og Fana. Det kunne verta eit rimelegt prosti. Noko vedtak kom me ikkje til. Saki lyt nok fram att. Dette var berre som eit venelag og gjesting det, og Åsane sokneråd betalte kalaset. Men for ein fin møtestad dei har på Hylkje ungdomsskule, og for ein gild styrar dei har. Han heiter Knut Garlid.

Takvam gravplass

I Bygdnytt nr. 4 for iår er ein innsendar «H» ute og spør om visse ting vedkomande arbeidet på denne gravstaden. Som formann i Samrådet for kyrkjegardane i Arna skal eg få gje desse opplysninga:

I mai 1970 vart det kunngjort i dagspresa, Bygdnytt og Kyrkjelydsbladet at det skulle setjast i gang ryddeingsarbeid på Takvam gravstad. Pårørande til dei som er gravlagd der fekk ein rimeleg frist til å ordna med festa om dei ynskte det.

Sjølv om denne fristen for lenge sidan er ute vil ikkje Samrådet setje seg imot at dei som enno måtte ynskja det får høve til å festa graver om fredningstida for desse er ute.

Arbeidet er enno ikkje avslutta. Det er rimeleg at så lenge arbeidet går for seg kan det sjå noko uryddig ut på gravstaden. Så snart arbeidet er ferdig vil alle gravminne som er på festa graver verta sett på plass att.

Det er sokneprest Tesdal, Indre Arna som tek imot festeavgift. Han og Emil Dalseth, Indre Arna vil elles kunna gje opplysningar til interesserte.

Ytre Arna 29/1 1971.

Samrådet for kyrkjegardane i Arna

Johs. Holmeijord

f.t. formann

Til Arna Kyrkjelydsblad

Først vil eg sei dykk alle ein hjarteleg takk for den varme velkomsten kona mi og eg fekk då vi kom hit til Arna.

Det er alltid ei viss spenning med å byrja på ein ny plass og i ein ny jobb. Denne spenninga var ekstra stor fog meg fordi det er første stillinga eg har etter at eg vart ferdig utdanna diakon i desember 1969.

På Diakonhjemmet i Oslo gjekk eg gjen-

nom ein 3-årig sjukepleieskule som avslutta med offentleg eksamen. Dei siste 2½ åra var det sosialskule, også der med offentleg eksamen. Gjennom heile utdannelsen vart det undervist i Bibelske-, teologiske- og diakonale fag. Også der med avsluttande eksamen.

Diakonhjemmet er nå ein godkjent sosialskule på linje med dei 4 andre vi har her i landet, og det kullet som eg gjekk på var dei første som vart godkjente sosionomar.

Etter at eg var ferdig på Diakonhjemmet var eg vore 1 år i militære. Rekruttskulen gjennomgjekk eg på Lahaugmoen ved Oslo. Gjekk og sersjantkurs der på 6 mnd., og dei siste 3 mnd. var eg i Sanitetskompaniet i Nord-Noreg.

Så vil eg bare håpe at kona mi og eg kan trivast og finne oss vel tilrette her i Arna. Mange gode vener har vi alt fått og fleire håpar vi det blir etter som vi blir betre kjende.

Thor Storerud.

Me pussar arvesylvet vårt

200 år sidan Hans N. Hauge vart fødd.

«Kallsbrevet mitt er å elsa Gud og nes ten min».

Dosent Andreas Aarflot har skrive minnebok i høve jubileet. Kva kan me læra av Hauge i dag? soleis spurde dei docent Aarflot. Programmet hans vilde då verta omlag slik:

1. Den kristne samtalens dyrka han som ei nådegåva.
2. Det ålmenne vitneansvaret lyt me læra oppatt.
3. Kristus i kvardangen lyt han læra oss.
4. Dei små gruppene han fekk ikring seg vart kraftsentrar som skulle tena til fornying av heile vår kyrkja.

* * * * *

100 år sidan Ludv. Hope vart fødd. Han

var masfjording og sjølvlaerd, men vart stor som forkynnar likevel. Han hadde stor tru til Gudsordet si spirekraft. Han gjekk ikkje med på moderne metodar med ettermøter som mange skulle skuva på med for å nå betre resultat. Dei fortel at han ein gong kom til Bergen for å halda møter der. Og dei skulle fylgja moderne metodar. Dei var noko redd Hope og spurde han alt før båten var komen til ro ved kaien: «Brukar du ettermøte?» «Nei», runga det frå båten. «Då er me ikkje so huga på å ha deg med», var det ein som orda fram. «Me er ikkje interesserte i at du kjem». «Då er det på tide at eg kjem», svara Hope.

**ALT I
GRAV-
MONUMENTER
Espeland Gartneri**

*Espeland Gartneri og Begravelsesbyrå
Telefon 40809 — Espeland*

**SPAREBANKEN —
Banken for innskytarane**

er skipa for å stå til teneste for Dykk, og vi ville gjerne at De kom innom banken slik at vi kunne fortelje Dykk korleis De kan nytte denne tenesta. **Velkommen i banken**

HAUS SPAREBANK

Vakre blomar frå

Trygve Garnes gartneri

*Telefon 40401, Garnes
og utsal Indre Arna Tlf. 40415*

STØRRE BARNETRYGD

Barnetrygda vert no utbetalte kvar månad
La pengane gå direkte inn på konto i
ARNA PRIVATBANK. Avtal med banken
kva kontotype som passar best.
Pengane står alltid til disposisjon.
Rente opp til 5 pst. p.a.

ARNA PRIVATBANK

J. BERSTAD**Filial Indre Arna**

Jernvarer. Verktøy. Beslag.
Sport og camping.
Glass og steintøy.

Kyrkjelege handlingar**DØYPTE I ARNA:**

- 17.1. Christian, foreldre: Egil Sigurd Lillestøl og k. Bjørg f. Paulsen.
- 31.1. Espen, for.: Arne Gjerstad og k. Karin f. Skarstein.
- 31.1. Arne, for.: Magnvald Mæstad og k. Ingunn f. Hartveit.
- 31.1. Knut, for.: Harald Haugsvær og k. Berit Jensine f. Husebø.
- 31.1. Trond Helge, for.: Helge Arentsen og k. Berit f. Zachariassen.
- 13.2. Geir, for.: Odd Håkon Bjånes og k. Jorunn f. Romslo.
- 13.2. Endre, for.: Terje Hopsdal og k. Turid f. Skår.
- 10.2. Tone, for.: Olav Baartvedt og k. Eli Berg f. Skulstad. (Døypt i St. Markus kyrkja).

- 14.2. Erik, for.: John Tore Simonsen og k. Lill Mari f. Solheim.
- 14.2. Dag Harald, for.: Harald Skutlaberg og k. Berit f. Hope.

VIGDE:

- 30.1. Øystein Hauge og Laila Hisdal.
- 13.2. Bjørn Steinar Waage og Åshild Brunborg.
- 13.2. Vidar Lohne og Marion Magnhild Kalhovd.
- 20.2. Bjørn Olav Nøkling og Annbjørg Garnes.

AVLIDNE:

- 27.1. gbr. enkjemann Andreas J. Havre f. 1885.
- 27.1. elektrikar h.v., enkjemann Martin Havre f. 1896.
- 8.2. gbr. enkja Malena Tunes f. 1876.

Preikelista**2. sundag i faste (7. mars):**

Arna: Res. kap. Ytre Arna: Soknepр. Nattverd.

3. sundag i faste (14. mars):

Arna: Soknepresten. Ytre Arna: Res. kap. Bæ kyrkjelydane i Arna og Ytre Arna får vitjing frå M. F. I Arna kyrkje talar cand. teol. Yngvar Henriksen frå Arendal og i Ytre Arna, cand. teol. Bjørn Nygaard frå Bergen. Offer til M. F. Same dagen om kvelden vert det ungdomsgudstene sta i Arna kyrkje v/ pastor Rolf Helen Iversen.

Midtfestesundag (21. mars):

Arna: soknepresten. Trengereid: Res. kap. Nattverd.

Marias boddskapsdag (28. mars):

Arne: Res. kap. Ytre Arna: Soknepresten. Offer til Kyrkja si naudhjelp.

Bladstyrar er Sokneprest E. Tesdal, Indre Arna.

Forretningsførar: Olav Hartveit, Garnes.

Bladpengar kr. 5,- for året. Postgiro: 310444.

— Prenta i Skaars Boktrykkeri, Norheimsund —